



Foto: Knut Utler

VIDAR UNDERSETH

f. 1958, Solund i Sogn

Vidar tok til å spele fele allereie i ungdomsdagane, og seinare fekk han gå i lære på hardingfele hos jølstringen Sigmund Eikås. Vidar er også ein habil dansar, og har dansa seg til topps både som lausdansar og i pardans. Vidar arbeider til dagleg som fylkesmusikar i SFJ og kulturskulelærer i Ålesund.

Vidar har hatt arbeidsstipend frå Statens kunstnarstipend, og medverka på fleire plateutgjevingar. I 2006 gav han ut *Mine første feleslåttar*, eit læreverk på DVD for fele og hardingfele.